



TILSKOTSREGLAR FOR BUSTADETABLERING I MODALEN

Vedteke 01.04.2009. KS-05/09 Vedtak. Revidert 07.04.2011. KS-sak 006/11 Vedtak.

Hovudformål:

Stimulera til auka bustadbygging i Modalen.

A: TILSKOTSREGLAR

§ 1: Bygging av hus***(Sjå kommentar s. 3)

Til private som byggjer eigen bustad for fyrste gong, vert det gjeve kr 250 000,- i tilskot. Tilskotet skal ikkje overstige 30 % av byggjekostnadane. Dersom det vert laga hybel eller leilegheit i husværet vert tilskotet sett til kr 300 000.

Hybel / hybelleilegheit skal møta krava sett i § 3.

Det vert gjeve same tilskot til bygging av bustad på gardsbruk ved eigarskifte.

Til verksemdar som vil byggja nye bustader/bustadeiningar vert det gjev 10% tilskot av dokumenterte kostnader pr. bustadeining inntil kr 250 000,-.

§ 2.1. Kjøp av hus***(Sjå kommentar s. 3)

Til private som kjøper bustad for fyrste gong, vert det gjeve eit tilskot på 10 % av kjøpesummen, maksimum kr 100 000,-.

§ 2.2. Vøling av husvære i samband med kjøp

Ved kjøp av bustad eldre enn 20 år, vert det gjeve eit tilskot på 20 % av dokumenterte kostnader til vøling og/eller tilbygg. Dette i tillegg til 10 % av kjøpesummen.

Maksimalt samla tilskot til kjøp/vøling/tilskot er kr 100 000,-. Arbeidet med vøling/tilbygg må vera utført innan 3 år frå overtakingsdato.

§ 2.2 gjeld både i og utanfor byggjefelt.

§ 3. Tilrettelegging av hyblar/leiligheter

Ved tilrettelegging av hyblar i husvære kan ein få stønad på inntil kr 50 000,- pr. buening. Stønadssummen skal ikkje utgjere meir enn 50 % av dokumenterte kostnader vedr. tilrettelegging.

Tilskotet vert gjeve 1 gong pr. buening pr. eigar.

For å få utbetalt stønad til tilrettelegging av hyblar/leiligheter, vert det stilt krav til minstestandard av desse. Hybel/leilighet skal minimum innehalda fylgjande:

Bad/dusj/stove/kjøkken/soverom/bod.

Bustadkrav i samsvar med §10.1

§ 4. Arv

Det vert ikkje gjeve tilskot til kjøp av bustad til livsarvingar som overtek bustad (arveoppgjer). Det kan gjevast tilskot på inntil 50 000,- til utbetring av slike bustader. Tilskotet vert berekna utifrå 20 % av dokumenterte kostnader. Arbeidet må då vera utført innan 3 år etter overtakingstidspunktet. Tilskotet skal ikkje overstige 80 % av restfinansiering etter tilskot/lån frå Husbank/Landbruksbank.

§ 5. Tomteteknisk arbeid utanom felt

Det kan gjevast tilskot på kr 25 000,- til tomteteknisk arbeid i samband med oppføring av bustad utanom bustadfelt.

§ 6. Tomteteknisk arbeid like ved felt

Det kan gjevast tilskot på inntil kr 15 000,- til kostnader med tomteteknisk arbeid for bustader som vert oppført like ved bustadfelt. Husbyggjaren må dokumentera at kostnadene overstiger gjennomsnittskostnaden ved å byggja i feltet. Stønadssummen skal ikkje overstige ekstrakostnadene. Gjennomsnittskostnaden vert definert som gjennomsnittleg:

- tomtepris
- tinglysingsgebyr og oppmålingskostnad
- tilknytning til vatn og kloakk.

§ 7. Miljøforbetringar

Det kan gjevast eit tilskot til opprusting av eksisterande private vatn – og avlaupsanlegg med inntil kr 35 000,-.

Tilskotet vert berre gjeve ein gong pr. husstand i løpet av ein 10- års periode. Går fleire husstandar saman om å søkja, skal søknaden vurderast uavhengig av denne regla.

B: VILKÅR

§ 8. Heilårsbustad

Bustaden må vera heilårsbustad for at eigaren skal kunne få stønad.

§ 9. Standard

Ny bustad må vera minimum av slik standard og storleik som Husbanken/Landbruksbanken krev for å gje lån.

§ 10. Bustadkrav

§ 10.1 Tilskotet kan krevjast forholdsmessig attendebetalt dersom bustaden som det er gjeve tilskot til vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett, innan 5 år frå utbetaling av tilskotet. Den som får tilskot pliktar å gje melding til Modalen kommune om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

§ 11. Førstegongs etablering * (Sjå kommentar s. 3)**

Det vert berre gjeve stønad til den som byggjer eller kjøper hus for fyrste gong. Om tilskot vert utbetalt til personar i ekteskap eller sambuarskap, er dette å rekna som om bae parter har fått tilskot. Dette gjeld ikkje § 7 *Miljøforbetringar*.

§ 12. Utbetaling

- Tilskotet til bustadbygging vert utbetalt når ferdigattest ligg føre.
- Tilskot til kjøp vert utbetalt når tinglyst kjøpekontrakt ligg føre.
- Tilskot til vøling/tilrettelegging av hyblar/leiligheter vert utbetalt etter dokumenterte kostnader.
- Andre tilskot vert utbetalt som refusjon av dokumenterte utgifter etter at anlegget er godkjend av teknisk etat.

C. DELEGERING

§ 13. Avgjerdsmynde

Rådmannen tek avgjerd i saker etter desse reglane. Formannskapet skal ha orientering om tildelingar av stønad. I saker der det er tvilstilfelle, vert desse lagde fram for formannskapet til avgjersle.

§ 14. Klage

Avgjersle etter desse reglane kan påklagast formannskapet.

D Avsluttande reglar

§ 15. Gjeldande reglar vert sett i verk frå 07.04.2011, jf. KS-sak 06/11 og erstattar alle tidlegare reglar.

§ 16. Tidshorisont

Reglane tek til å gjelda frå vedtaksdato.

*** Kommentar til §§§ 1, 2 og 12.

I formannskapet – sak 26/01 vart fylgjande presisering vedteke som fylgje av eit tvilstilfelle:

”Når ein byggjer eller kjøper husvære i Modalen, er det bærande prinsipp om ein kan ta i mot tilskot, om ein har motteke tilskot i Modalen kommune tidlegare.

Det vil seia at dersom ein kjøpar eller byggjer husvære for andre gong, *skal* tilskot utbetalast, dersom søkjar ikkje har motteke stønad tidlegare, og elles oppfyller krava i retningslinene.